

NB Rana
Depotbiblioteket

Familien Bra



[Her skulle det ha vore eit billete av den sittjande regjeringa, men det har statsministerens kontor nekta oss.
Prov likevel å sjå for deg Kjell Magne, Valgerd, Jan, Kristin og Per-Kristian smilande på slottsplassen]

OM FAMILIEN BRA

Dette er tredje del av ein triologi av stykke som på ulikt vis handlar om narkotika. Ikkje om hasj og heroin, men meir det ein vil kalle opium for folket. Mett handla om mat som Lukkepille, Speed om misbruk av tida. *Familien Bra* handlar om ein overdose av lukke. For familien Bra er ikkje som andre familiær. Han er heilt utan konfliktar. Dei har det kort sagt alltid bra.

Joakim Pirinen, mest kjend her heime for dei burleske og mørkt humoristiske teikneseriane sine, har laga eit teaterstykke ulikt alle andre. Teksten er nemleg kjemisk fri for konfliktar. Alle teaterstykke og alle bøker skildrar strid og kontroversar. Denne har ingen. Alt er berre godt. Alle er lukkelege. Heile tida. Og det er jo det vi inst ikke søker etter. Å få vera i det rommet der lukka aldri tar slutt. Eller vil vi det? Kanskje blir ein då så lukkeleg at ein døyр av smerte?

I andre del av boka om *familien Bra*, den som heiter «Inte bra famijer», skriv Pirinen dette i ein av tekstane: «Lykka er ei dansande kule. Banen til kula når toppunktet (sitt) over skyene. Ho blinkar med sola før ho stuper ned att til sumpen der tankane våre flyt i ulukke. For ikkje å trille av, hoppan kula helst på den øvre sida av jorda, det vil seie den nordlege halvkula. Den vesle kula råkar nesten alle born minst ein gong. Sidan blir ho meir systematisk.»

I *Familien Bra* er denne kula meir som kula i eit flipperspel. Ho råkar alt og alle heile tida. Ein får ikkje berre eit ynske eller tre oppfyllt, alle ynske går i oppfylling. Det er her problemet oppstår. Det finst ingen solfaktor sterkt nok til at vi kan take eit heilt liv i sola. Det er dette parodokset *Familien Bra* syner oss. Å ha det så bra at vi ynskjer oss sorg.

I norsk samanheng speglar òg *Familien Bra* det konfliktsky samfunnet. Vi står oppreist fordi vi har ein slik forknytt muskulatur, ikkje fordi vi har ryggrad. Vi har ingen kulturverken for å giri ris eller ros, og endar difor ofte opp som eit inkontinent folkeslag, vi må pissee alle opp etter ryggen heile tida.

Pirinen lagar ein utopi, men denne utopien er forankra i reelle ynske. Han inneheld alle våre ynske om livet. Festsetebellet, for no er stunda komen, no går alle ynske i oppfylling, no skal vi alle ha det bra, no byrjar logane å slekje i helvete.

Velkommen til dei kroniske lottomillionærane. Velkommen til dalen den sola aldri går ned. Velkommen inn til *Familien Bra*. Hoppan kula helst på den øvre sida av jorda, det vil seie den nordlege halvkula. Den vesle kula råkar nesten alle born

Yngve Sundvor



FAMILIEN BRA

av Joakim Pirinen

Omsetjing

Yngve Sundvor

Regi

Yngve Sundvor

Utan filter

Gard B. Eidsvold

Øyvin Berven

Marianne Krogh

Gjertrud Jyngé (gjestestjérne)

Musikk

Håvard Lund

Denne framsyningen er som *Speed* produsert på 10 dager

Inspisient: Brita Gaarder

Maske: Britt-Helen Riise

Rekvitt: Åse-Berit Litteskare/Kine Liholm Johannessen

Lys: Gro Kristensen/Vibeke Anisdal Myhre

Lyd: Jostein Reistad

Scenekoordinatorar: Andreas Zsídek/Hervé Huck

Sufflør: Iselin Ivarson

Takk til Mia Runningen

Foto: Leif Gabrielsen

Forlag: Folmer Hansen Teaterförlag AB

Noregspremiere på Prøvesalen 16. mars 2002

Programredaksjon: Yngve Sundvor, Karin Hauge, Ida Michaelsen

Grafisk formgjevar: Knut-Jarle Hvitmyhr

Trykk: Falch AS



JOAKIM PIRINEN

Joakim Pirinen har fått mykje av æra for at teikneserien på 80-talet byrja få plass mellom dei høgare kunstformene. Teikneserieskaparen, forfattaren og omsetjaren Pirinen er fødd i Sverige i 1961. Han fekk status som geni allereie ved debuten *Välkommen til sandlådan* i 1983. Fire år etter kom albumet *Gas*, som skaffa Pirinen den svenske teikneserieprisen «Urhunden». I mellomtida hadde Socker-Conny gjort suksess hos det breie publikumet av teikneserielesarar, og valspråket til hovudpersonen i serien var blitt røysta til den nye generasjonen: «Med ett schysst järnror slår man hela världen med häpnad». Dei beiske og surrealistiske teikneseriane blir rosa for å halde svært høgt nivå både på tekst og bilet. Seriane er mellom anna publiserte i teikneseriebladet *Galago*.

Boka *Familjen Bra och andra relationer* vart utgjeven i 1993. Her presenterer Pirinen for første gong lengre, frittståande tekster. Boka har to delar, skodespelet *Familjen Bra* og *Inte bra*



familjer. Andre delen innehold groteske og absurde korttekster som syner vrangsida av draumen og det perfekte familielivet. Her står bileta side om side med tekstene, og får ved tref-fande titlar form av utfyllende kommentarar heller enn illusrasjon til tekstene.

Teaterstykket *Familjen Bra* vart første gongen oppført av Teater Sputnik i Stockholm 15. mars 1986, same dagen som Olof Palme vart gravlagd.

Reglane

1. Ingen scenografi
2. Ingen spesiallagda kostyme
[gjenbruk av husets]
3. Minimal bruk av rekvisittar
4. All lyd/musikk skal vere «live»
5. Ingen bruk av bilde/filmprosjon
6. Ingen bruk av motorisert lys
7. Prøvetid ut ifrå det stykket treng,
men aldri 8 veker.
som er dagens normal
8. Ei fast kjernegruppe på 5 personar

02sd 07146

Depotbiblioteket



02sd 07 146

P r o v e s a l e n

d e t n o r s k e t e a t r e t

www.detnorsketeatret.no



– oss mennesker imellom

